



Møteprotokoll

Utval:	Kontrollutvalet
Møtestad:	Bømlo rådhus, Formannskapssalen
Dato:	19.05.2022
Tid:	10:00 - 12:00

Følgjande faste medlemer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Ragnhild Ravna Skjærvik	Leder	AP
Vegard Enerstvedt	Nestleder	H
Silje Sivertsen	Medlem	V
Anfinn G. Tolås	Medlem	KRF
Arne Zahl Røksund	Medlem	SV

Følgjande medlemer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

Følgjande varamedlemer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Andre som møtte:

Jarle Nakken	Økonomisjef
June Stavland	Juridisk seniorrådgjevar
Helge Bjørnevik	Rådgjevar (PS 16/22)
Else Holst-Larsen	Partner, Deloitte AS
Helge Inge Johansen	Spesialrådgjevar, Vestland fylkeskommune

Ragnhild Ravna Skjærvik
utvalsleiar

Helge Inge Johansen
utvalssekretær

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Sakliste

Utvals-saknr	Innhald	Arkiv-saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 3/22	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 4/22	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 10.02.2022	033	
	Politiske saker		
PS 12/22	Årsmelding og årsrekneskap 2021 for Bømlo kulturhus KF - uttale frå kontrollutvalet	216	
PS 13/22	Årsmelding og årsrekneskap 2021 for Bømlo kommune - Uttale frå kontrollutvalet	216	
PS 14/22	Forvaltningsrevisjon - Styring av investeringsprosjekt - oppfølging av handlingsplan	217	
PS 15/22	Forvaltningsrevisjon av Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS) - oppfølging av handlingsplan	217	
PS 16/22	Manglande opplysningar om kontrollutvalet på nettsida til kommunen - orientering frå kommunedirektør	219	
PS 17/22	Orientering frå kommunedirektør - nytt frå kommunen	033	
PS 18/22	Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval	033	
PS 19/22	Eventuelt	033	
	Referat saker		
RS 2/22	Rapport frå tilsyn med undersøkingar i Sunnhordland interkom Barnevern 2021	040	
RS 3/22	Budsjettbrev frå Statsforvaltaren - Bømlo kommune - budsjett 2022 og økonomiplan 2022-2025.	216	
RS 4/22	VS: FKT - Medlemsinfo mars 2022	073	
RS 5/22	Høyringsvar - NKRF sin Veileder for kontrollutvalgets påseansvar og NKRF sitt pågående arbeid med normering av sekretariatet sine oppgåver	073	
RS 6/22	VS: FKT - Høring Veileder Håndtering av henvendelser til kontrollutvalget	073	

Godkjenningssaker

GK 3/22 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll 19.05.2022 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det var ingen merknad til innkalling og saksliste.

Vedtak:

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent.

GK 4/22 Godkjenning av møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 10.02.2022

Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 10.02.2022 er vedlagt saka.

Saksprotokoll 19.05.2022 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det var ingen merknader til møteprotokoll frå møte 10.02.2022

Vedtak:

Møteprotokoll frå møte 10.02.2022 vart godkjent

Politiske saker

PS 12/22 Årsmelding og årsrekneskap 2021 for Bømlo kulturhus KF - uttale frå kontrollutvalet

Forslag til uttale

1. Kontrollutvalet merkar seg at Bømlo kulturhus KF i 2021 har eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr. 335 000, som gjer eit netto driftsresultat på 4,16 %, langt betre enn tilrådinga til TBU.
2. Kontrollutvalet merkar seg og eit disposisjonsfond med 5,58%, som er noko betre enn tilrådinga frå Riksrevisjonen på 5 %, og ein lånegjeld på tilfredsstillande 15,49 %
3. Kontrollutvalet støtter seg til Deloitte sin uttale i revisjonsberetning om Bømlo kulturhus KF
4. Uttalen vert sendt kommunestyret via formannskapet

Saksprotokoll 19.05.2022 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Dagleg leiar og styreleiar i Bømlo kulturhus KF vart forhindra frå og møte.

Økonomisjef Jarle Nakken frå Bømlo kommune orienterte kort om årsmelding og årsrekneskap 2021 for Bømlo kulturhus KF og svarte på spørsmål.

Else Holst-Larsen frå Deloitte orienterte om revisjonsberetning.

Forslag til uttale vart samrøystes vedteke.

Uttale

1. Kontrollutvalet merkar seg at Bømlo kulturhus KF i 2021 har eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr. 335 000, som gjer eit netto driftsresultat på 4,16 %, langt betre enn tilrådinga til TBU.
2. Kontrollutvalet merkar seg og eit disposisjonsfond med 5, 58%, som er noko betre enn tilrådinga frå Riksrevisjonen på 5 %, og ein lånegjeld på tilfredsstillande 15, 49 %
3. Kontrollutvalet støtter seg til Deloitte sin uttale i revisjonsberetning om Bømlo kulturhus KF
4. Uttalen vert sendt kommunestyret via formannskapet

PS 13/22 Årsmelding og årsrekneskap 2021 for Bømlo kommune - Uttale frå kontrollutvalet

Forslag til uttale

1. Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Bømlo kommune sin årsrekneskap og årsmelding for 2021.
2. På bakgrunn av det som kjem fram i revisjonsrapport nr. 26 frå Deloitte AS ber kontrollutvalet om at kommunedirektør kjem i møte 29.09.2022 for å gjera greie for kva som vil bli gjort i høve tilrådingane i rapporten
3. Kontrollutvalet tek uavhengig revisor sin attestasjonsuttale om etterlevelse av bestemmelser om offentlig tilskudd til private barnehager til etterretning.

Saksprotokoll 19.05.2022 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Økonomisjef Jarle Nakken orienterte om årsmeldinga og årsrekneskap 2021 for Bømlo kommune og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Else Holst-Larsen frå Deloitte orienterte om revisjonsberetning, ,revisjonsrapport og attestasjonsuttale etter etterlevelseskontrollen.

Forslag til uttale vart samrøystes godkjent.

Uttale

1. Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Bømlo kommune sin årsrekneskap og årsmelding for 2021.
2. På bakgrunn av det som kjem fram i revisjonsrapport nr. 26 frå Deloitte AS ber kontrollutvalet om at kommunedirektør kjem i møte 29.09.2022 for å gjera greie for kva som vil bli gjort i høve tilrådingane i rapporten
3. Kontrollutvalet tek uavhengig revisor sin attestasjonsuttale om etterlevelse av bestemmelser om offentlig tilskudd til private barnehager til etterretning.

PS 14/22 Forvaltningsrevisjon - Styring av investeringsprosjekt - oppfølging av handlingsplan

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet har merka seg at kommunen er godt i gang med forbetningsarbeidet etter forvaltningsrevisjon gjeldande styring av investeringsprosjekt, men at arbeidet er forseinka.
2. Kontrollutvalet ber om at kommunedirektøren kjem med ny skriftleg status på handlingsplanen til møte i kontrollutvalet 29.09.2022. Tilbakemeldinga vert å senda sekretariatet tre veker før møtedato (08.09.2022).

Saksprotokoll 19.05.2022 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Vurdering av habiliteten til Vegard Enerstvedt – etter forvaltningslova § 6, 1. og 2. ledd.

Før kontrollutvalet handsama handlingsplanen etter forvaltningsrevisjonsrapporten diskuterte ein habiliteten til Vegard Enerstvedt, grunna at mor hans er kommunalsjef for samfunnsutvikling, der ho er øverste leiar for dette tenesteområde, som saka omhandler.

Kontrollutvalet vart einige om at han var inhabil til å handsame saka. Vegard Enerstvedt var etter dette ikkje med i handsaminga av saka.

June Stavland (juridisk seniorrådgjevar) orienterte om status gjeldande handlingsplanen og svarte på spørsmål, på vegne av kommunedirektør.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet har merka seg at kommunen er godt i gang med forbetningsarbeidet etter forvaltningsrevisjon gjeldande styring av investeringsprosjekt, men at arbeidet er forseinka.
2. Kontrollutvalet ber om at kommunedirektøren kjem med ny skriftleg status på handlingsplanen til møte i kontrollutvalet 29.09.2022. Tilbakemeldinga vert å senda sekretariatet tre veker før møtedato (08.09.2022).

PS 15/22 Forvaltningsrevisjon av Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS) - oppfølging av handlingsplan

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet takker for det forbetningsarbeidet som er lagt ned etter forvaltningsrevisjonen og vel å lukke saka.

Saksprotokoll 19.05.2022 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Utvalseiar orienterte kort om saka.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet takker for det forbetningsarbeidet som er lagt ned etter forvaltningsrevisjonen og vel å lukke saka.

PS 16/22 Manglande opplysningar om kontrollutvalet på nettsida til kommunen - orientering frå kommunedirektør

Forslag til vedtak

Informasjonen vert teken til orientering

Saksprotokoll 19.05.2022 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Helge Bjørnevik frå administrasjonen svarte på spørsmål frå kontrollutvalet. Kontrollutvalet vart einige om at det står att ein del arbeid på nettsida til kommunen.

Kontrollutvalet ber om at det vert rydda i dokument slik at det kun er innkalling og protokoll som skal vere tilgjengeleg. Anna dokument til døme brev frå/til kommunen skal ikkje ligge der.

Kontrollutvalet ber om at innkalling og protokoll vert lagt ut så snart som mogleg utan vesentleg forseinking. Kontrollutvalet har registrert at det i nokre tilfelle kan ta opp til fleire dagar før innkalling/protokoll vert lagt ut.

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet ber om at nettsida gjeldande kontrollutvalet vert rydda, slik at det berre er innkalling og protokoll som er lagt ut.
2. Kontrollutvalet ber om at innkalling og protokoll vert lagt ut snarast mogleg.

PS 17/22 Orientering frå kommunedirektør - nytt frå kommunen

Forslag til vedtak

Informasjonen vart teken til orientering

Saksprotokoll 19.05.2022 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

June Stavland (juridisk seniorrådgjevar) orienterte på vegner av kommunedirektør om nytt frå kommunen. Det vart mellom anna orientert om dette:

- HMS og sjukefråvær - høgt sjukefråvær i kommunen - 11, 8 %.
- Rekneskap 1. kvartal - negativt driftsresultat på 16 mill.kr.
- Vekst i skatteinntektene også 1. kvartal.
- Coronasentral i kommunen - avslutting av denne.
- Flyktningssituasjonen - ingen nye flyktningar.
- Bømlopakken.
- Kommunal strømstøtte for lag og organisasjoner.
- Kystlegane organisering.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Informasjonen vart teken til orientering

PS 18/22 Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksutgreiinga til orientering.

Saksprotokoll 19.05.2022 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Møteprotokollane vart gjennomgått i møte. Møta i Næring, innovasjon, idrett og kultur (05.04), Levekår (05.04) og begge møta i Natur, klima og miljø (10.03 og 07.04) vart avlyst.

Det kom ikkje fram noko spesielt ved gjennomgang av møteprotokollane.

Vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane som vart gjennomgått i møtet til orientering.

PS 19/22 Eventuelt

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Saksprotokoll 19.05.2022 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det var ingen saker til eventuelt.

Vedtak

Det vart ikkje gjort vedtak i saka.

Referatsaker

RS 2/22 Rapport frå tilsyn med undersøkingar i Sunnhordland interkom Barnevern 2021

Saksprotokoll 19.05.2022 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det kom ikkje fram noko spesielt i referatsaka.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.

RS 3/22 Budsjettbrev frå Statsforvaltaren - Bømlo kommune - budsjett 2022 og økonomiplan 2022-2025.

Saksprotokoll 19.05.2022 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det kom ikkje fram noko spesielt i referatsaka.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.

RS 4/22 VS: FKT - Medlemsinfo mars 2022

Saksprotokoll 19.05.2022 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det kom ikkje fram noko spesielt i referatsaka.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.

RS 5/22 Høyringssvar - NKRF sin Veileder for kontrollutvalgets påseansvar og NKRF sitt pågående arbeid med normering av sekretariatet sine oppgåver

Saksprotokoll 19.05.2022 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det kom ikkje fram noko spesielt i referatsaka.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.

RS 6/22 VS: FKT - Høring Veileder Håndtering av henvendelser til kontrollutvalget

Saksprotokoll 19.05.2022 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det kom ikkje fram noko spesielt i referatsaka.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.